BILAG 1 – AVTALEUTKAST / KONTRAKTSVILKÅR
Rammeavtale for leveranse av avgiftsfri diesel, avgiftspliktig diesel og AdBlue
(Delkontrakt 1: SIMAS IKS; Delkontrakt 2: SUM IKS)

Bruk av avtaleutkastet

Dette er eit avtaleutkast (kontraktsvilkår) som skal brukast som grunnlag for signering av rammeavtale etter gjennomført konkurranse. Det skal inngåast separate rammeavtalar for kvar delkontrakt. Ved signering fyller partane inn felt i dette dokumentet, og oppdaterer vedleggslista slik at ho samsvarar med dei faktiske bilaga som vert signerte.

Avtalen vert signert digitalt i KGV (Artifik) eller i annan avtalt signeringsløysing.

1 Partar og kontaktpunkt

Rammeavtale varekjøp er inngått mellom:

- Oppdragsgjevar (Kjøpar): [Vel rett delkontrakt ved signering]
- – Delkontrakt 1: SIMAS IKS (org.nr. 974 888 076), Festingdalsvegen 368, 6854 Kaupanger
- – Delkontrakt 2: SUM IKS (org.nr. 970 921 915), Einestølen, 6815 Førde
- Leverandør (Seljar): [Føretaksnamn], org.nr. [ ], adresse: [ ]

1.1 Kontaktpersonar

Hos oppdragsgjevar	Hos leverandør
Namn: [ ]	Namn: [ ]
Stilling: [ ]	Stilling: [ ]
Telefon: [ ]	Telefon: [ ]
E-post: [ ]	E-post: [ ]

2 Kontraktsobjekt, omfang og dokumentrang

Denne avtalen er ei rammeavtale om leveranse av avgiftsfri diesel, avgiftspliktig diesel og AdBlue, slik dette er nærare spesifisert i kravspesifikasjon og prisbilag. Avtalen gir ikkje kjøpar plikt til å kjøpe eit bestemt volum.

2.1 Dokument som inngår i avtalen (bilag)

Kontrakten består av desse dokumenta (oppdaterast ved signering):

Bilag	Tittel	Ja/Nei
Bilag 1	Dette avtaleutkastet / kontraktsvilkår	Ja
Bilag 2	Prisbilag/prisskjema (Excel) – leverandør utfyller	Ja
Bilag 3	Kravspesifikasjon og praktiske leveringsvilkår	Ja
Bilag 4	Endringar i avtaleteksten (ved behov)	Nei
Bilag 5	Etiske krav og menneskerettar i leverandørkjeda (ved behov)	Nei

2.2 Dokumentrang (prioritet ved motstrid)

Ved motstrid mellom dokumenta gjeld følgjande rekkjefølgje (frå høgast til lågast prioritet):

- A) Signert avtaledokument (dette Bilag 1) med eventuelle utfylte felt og presiseringar
- B) Eventuelle avklaringar og presiseringar før signering (dersom slike er dokumenterte skriftleg)
- C) Bilag 3 – Kravspesifikasjon
- D) Bilag 2 – Prisbilag/prisskjema (utfylt av leverandør)
- E) Leverandøren sitt tilbod, inkludert dokumentasjon knytt til tildelingskriterium «Klima og miljø (levering og logistikk)»

3 Varigheit og opsjonar

Rammeavtalen gjeld i 2 (to) år frå ikrafttredelsestidspunktet. Kjøpar har einsidig opsjon på forlenging 1 + 1 år, men ikkje slik at total avtaleperiode overstig 4 (fire) år.

Forlenging trer i kraft automatisk med eitt år om gongen dersom kjøpar ikkje varslar skriftleg om opphøyr seinast 3 månader før utløp av inneverande avtaleperiode.

Ved utløysing av opsjonar gjeld same prisstruktur og vilkår som i avtaleperioden, jf. Bilag 2.

4 Avrop/bestilling

Avrop skjer ved bestilling frå kjøpar. Bestilling kan sendast via KGV, e-post eller annan avtalt bestillingskanal. Leverandøren skal stadfeste mottatt bestilling og oppgje forventa leveringstidspunkt der dette er relevant (bulk).

5 Levering og leveringsvilkår

5.1 Leveringsmodell

- Avgiftsfri diesel og AdBlue: leverast i bulk til kjøpar sine tankar ved hovudanlegg (sjå Bilag 3).
- Avgiftspliktig diesel, Avgiftsfri diesel og AdBlue: fylling ved leverandør sitt tankanlegg i definert geografisk strekning (sjå Bilag 3).

5.2 Leveringsfrist (bulk)

Levering skal skje innanfor avtalte fristar. Dersom standard responstidskrav vert nytta, kan følgjande gjelde:

- Bulk-leveranse skal gjennomførast innan 3 døgn etter bestilling (med mindre anna er avtalt).
- Levering skal skje innanfor kjøpar sine opningstider for anlegg.

[Oppdragsgjevar kan fastsetje endeleg responstid og eventuelle opningstider i Bilag 3.]

5.3 Måling, kvalitet og dokumentasjon

- Mengde tappa/fylt skal registrerast av sertifisert mengdemålar og kunne dokumenterast.
- Leverandøren er ansvarleg for at anlegg/tankar/pumper er lovleg godkjende og driftast i samsvar med krav.

5.4 Kort/brikker og tilgang

- Leverandøren skal stille ordning for kort/brikker (eller tilsvarande) for kjøpar sine køyretøy, slik at kjøpar kan hente ut forbruksoversikt per køyretøy.
- Leverandøren skal sørgje for at kort/brikker blir levert/aktivert utan ugrunna opphald etter avtaleinngåing.

6 Pris, prisendringar og betaling

6.1 Prisgrunnlag

Prisane følgjer leverandøren sitt utfylte Bilag 2 og skal omfatte alle kostnader knytt til leveransen (inkl. administrasjon, kort/brikker og rapportering), med mindre anna er avtalt.

Presisering om prissamanlikning, vintertillegg og gebyr (prisbilag):

- Tilbodsummen/prissamanlikninga vert berekna med utgangspunkt i pris i referanseveke (basispris + påslag/rabatt) slik denne er oppgjeven i Bilag 2.
- Vintertillegg 1 og 2 skal opplysast i Bilag 2 som bindande maksimal tilleggssats (kr/L) for oppgjevne periodar. Leverandøren kan ikkje krevje høgare vintertillegg enn oppgjevne satsar i kontraktsperioden.
- Eventuelle gebyr for bulkleveranse og/eller kort/brikker skal opplysast i Bilag 2 (oppgjev 0 dersom ikkje relevant). Dersom gebyr er oppgjevne i Bilag 2 sitt tilbodsformulár, inngår dei i tilbodsummen/prissamanlikninga.

6.2 Prisregulering

Leverandøren sitt påslag/rabatt skal vere fast i avtaleperioden, med mindre anna er uttrykkeleg avtalt i Bilag 2 eller dette avtaledokumentet.

Eventuell regulering av leverandøren sitt påslag/rabatt og/eller faste prisledd skal vere uttrykkeleg akseptert av kjøpar og framgå av Bilag 2 og/eller eige punkt i avtalen.

6.3 Fakturering og betaling

- Faktura skal sendast som EHF.
- Betalingsfrist: 30 dagar frå mottatt korrekt faktura, med mindre anna er avtalt.
- Faktura skal vere spesifisert slik at kjøpar kan kontrollere volum, prisgrunnlag og køyretøy/ID (der relevant).

7 Klima, miljø og rapportering

Dokumentasjon levert under tildelingskriteriet «Klima og miljø (levering og logistikk)» er bindande for leveransen i kontraktsperioden. Leverandøren pliktar å gjennomføre dei tiltaka som er lova i tilbodet, og skal på førespurnad dokumentere etterleving.

8 Underleverandørar

Leverandøren kan nytte underleverandør/samarbeidspartnar der dette er nødvendig for leveransen. Leverandøren er likevel fullt ansvarleg overfor kjøpar for ytingar frå underleverandørar som for eigne ytingar.

9 Mislighald, dekningskjøp og heving

Forseinking eller mangel ligg føre dersom leveransen ikkje er i samsvar med avtalen og Bilag 3. Ved mislighald gjeld kjøpsrettslege prinsipp og dei sanksjonane partane har avtalt i kontrakten.

10 Force majeure

Partane er fritatt for ansvar ved force majeure, dvs. hindringar utanfor rimeleg kontroll som dei ikkje kunne førebu seg på eller overvinne. Parten som blir ramma skal varsle den andre utan ugrunna opphald.

11 Tausheitsplikt og offentlegheit

Partane pliktar å handtere forretningssensitiv informasjon og annan konfidensiell informasjon forsvarleg. Kjøpar er offentleg verksemd og kan få krav om innsyn etter offentleglova. Leverandøren skal difor peike ut kva som er forretningsløyndomar og levere sladda versjon ved behov.

12 Lovval og tvisteløysing

Norsk rett gjeld. Tvistar skal først søkjast løyst ved forhandlingar. Dersom tvisten ikkje vert løyst, kan kvar av partane bringe saka inn for ordinære domstolar. Verneting er ved kjøpar sin forretningsadresse.

13 Signering

Avtalen vert signert digitalt i KGV